



Anna Elisabeth klar til å syngja i kyrkja

**Den gåvan er av ett helt annat slag
enn gåvor vi gjer til varann var dag
øppna din tilstengda dørr i ditt hus
så lyser i mørkret ett litet ljus**

Dette siste verset av svenske Carl Bertil Agnestig vart sunge til slutt i salmekvelden i kyrkja som ein soknerådtrio arrangerte ikveld og verset kan stå som ein introduksjon til adventstida. Kristian Bringedal, Svanhild Haugland og Eva Megyesi hadde komponert eit fint program som gjorde sterkt inntrykkog det var synd at det ikkje kom fleire som deltok i songen. Ein av dei som imponerte mest var den 10 år amle femteklassingen Anna Elisabeth Samland Eik.



Kantor Eva klår til å spela

Ho song nordnorsk julesalme som er den salmen ho likar best. Den song også mormora hennar, Bjørg Gunvor som var frå Nord-Norge, fortel den lovande songjenta til uskedalen.no

Anna Elisabeth sin familie er svært musikk- og songinteressert og det hender at den yngre broren vert med i songen.

Salmekvelden vart innleia av kantor Eva som imponerar stadig meir både som musikar og pedagog. Så var det ein bolk frå den nye salmeboka med mellom anna salmar av Bjørn Eidsvåg og Odd Nordstoga. I ein natt av den første veks stadig i popularitet.

Mot slutten song ein nokre svenske songar som fortener å verta brukt meir, også her i landet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen